

Postboks 9390 Grønland
0135 Oslo

Besøksadresse:
Schweigaardsgate 34 A
www.nationen.no

Sentralbord:
Telefon: 21 31 00 00
Fax: 21 31 00 90
Redaksjonen etter kl. 16.00:
21 31 00 25

Sjefredaktør/daglig leder:
Mari Velsand
Direktenummer: 21 31 00 40
mari.velsand@nationen.no

Administrativ redaktør:
Carl Hamre
Direktenummer: 21 31 00 16
carl.hamre@nationen.no

**Konstituert nyhetsredaktør
og kulturredaktør:**
Sissel Ambjør
Direktenummer: 21 31 00 10
sissel.ambjor@nationen.no

Magasinredaktør:
Haakon Barstad
Direktenummer: 21 31 00 21
haakon.barstad@nationen.no

Fungerende politisk redaktør:
Erling Kjekstad
Direktenummer: 21 31 00 20
erling.kjekstad@nationen.no

Trøndelagskontoret:
Hans Bårdsgård
Mobiltelefon: 911 98 998
hans.baardsgaard@nationen.no

Kato Nykvist
Mobiltelefon: 913 22 017
kato.nykvist@nationen.no

Debattredaksjonen:
Michael Brøndbo
Direktenummer: 21 31 00 31
debatt@nationen.no

Abonnement og distribusjon:
Man.-fre. fra kl. 08.00 til 15.00
Tlf: 21 31 44 41
Fax: 21 31 00 92
abonnement@nationen.no

Annonser
Direktenummer: 21 31 44 44
annonser@nationen.no

Rubrikkannonser:
Hverdager fra kl.
08.00 til 16.00
Tlf: 61 35 98 29
Tlf: 61 35 98 30
Fax: 61 35 98 40
annonser@nationen.no

pressens faglige utvalg
PFU

Nationen arbeider etter Vær varsom-plaktens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale bes ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige utvalg (PFU) er klageorgan som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål. PFU holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40. Epost: pfu@presse.no

DAGENS GJEST

Før oss ikkje ut i freisting



Den som har fylgt med i bilaget at denne spalta ei tid, kan umogleg ha unngått å ha lagt merke til ei omvendning. Det er ei omvendning som ikkje står tilbake for den me lærte å kjenne i vår barndom gjennom søndagsskulens vitnesbyrd frå Galilea og bygdene aust om Jordan. Det var visst ikkje måte på alt som der hadde skjedd, og vende me oss berre til trua så skulle enno større ting skje her.

Og no, no tykkjest altså mesta heile Bygde-Noreg vere heimsøkt av same lovnadane om frelse og velstand til grendene om me berre startar å tru. Men denne gongen er det ikkje hyrdane på betlehemsmarkane me får høyre om, nei denne gongen stammar vitnesbyrda frå Rhône, Toscana eller Parma. For ute i verda, hevdar dei, der har folket vendt seg til den franske småbrukarsonen og sosiologen Pierre Bourdieu. Det nye testamentet heiter «Distinksjonen» og vart utgitt for fyrste gong i 1979.

Nokre år etter kom det på pensumlista ved dei norske universiteta, ja så altomfattande var Bourdieu si lære at sjølv pølsebuøkonomaane ved Noregs Handelshøgskule og BI let seg frelse. For verda var vorten post-moderne ser du, den produktivistiske æra var over ein gong for alle. Frå å ha produsert mat og fiber i nær 5000 år skulle det norske landbruket no satse på opplevingar. Bøndene fekk høyre at dei skulle «fortelle de gode historiene» – dei skulle «pakke inn» produkta sine i økologisk berekraftig lokalpapir. Gjorde dei det, ville forbrukarane sin hun-

ger etter distingverande symbolprodukt føre bøndene lukst inn i himmelen.

Dette gjekk då greitt det, nokre år. I alle fall så lenge matprestane frå det agronomiske meinigheitsfakultetet på Ås prega innhaldet i landbrukets kulturelle felt. For der stod enno grunnprinsippa støtt i sentrum, og langt dei fleste bøndene skjønna at alt dette maset om «nisseproduksjon» ikkje var noko dei trong ta så nøye.

Men for nokre år sidan såg me at ute i bygdene byrja hopen snu seg imot produktivistane sin hegemoniske makt. Kyrkjelydsbladet mottok sinte lesarbreve frå både Garmo, Skumsnes og Koløyo og kvar det enn måte vere i landet. Alle hadde dei fått nok av sutringa og pessimismen som avisa skapte. Resultatet vart at Nationen, produktivistlandbrukets siste skanse, også laut vende om seg til denne symbolherleggjerande nyreligiøsitet.

No tykkjest også dei meine at av-

isas viktigaste oppgave er å skape optimisme og tru på framtida for bønder og bygdefolk. Gjenom heilsides eigenreklame vil dei lure bønder til å løfte på seg brokk og det som verre er. Og i spalte opp og spalte ned skriv dei om kor strålende fint det er med både den eine og den andre omvegen og skulle kyrne vere anten halte eller blinde så er det visst enno meir fryd og gammen.

Det at denne omvendinga kan skape ei næring meir usunn enn produksjonslandbruket nokon gong har vore, ser ikkje ut til å uroe nokon. I den nyreligiøse møtelyden går tungetala berre høggre og høggre for kvar gong livsstilsmagasina presenterar enno ein representant for det nye landbruket. På meir eller mindre glansa papir står dei avbilda, smilande med ein brunost i eine handa og flatbrød i andre.

Reportasjane er krydra med forteljingar frå Sveits eller Provence, der kvinnene stiller i kostymer

Skulle kyrne vere anten halte eller blinde, så er det visst enno meir fryd og gammen.

som minnar meir om Amish people enn notidig matproduksjon. Det reportasjane sjeldan fortel er at også i Alpane slit den småskala osteproduserande turistverten med altfor lange arbeidsdagar og med ei timeløn som får sjølv thailandske stuepiker utan loveleg arbeidsløyve til å framstå som lønnsvinnarar.

Personleg har eg ei gnagande kjensle av at me er i ferd med å oversjå viktige nyansar om me berre driv gla-journalistikk og lucky-næroset-forskning. Me må våge å sjå bak kullissene, sjølv om Bourdieu har lært oss at fake er ekte nok.

Bjørn Egil Flø er forskar ved Norsk senter for bygdeforskning



TEORI ER IKKJE NOK: Sjølv franske sosiologar har ikkje heile svaret på korleis du skal holde liv i eit bygdesamfunn, skriv Bjørn Egil Flø. FOTO: COLOURBOX

REPLIKK

Flere debattinnlegg finner du på sidene 20 og 21

Tankar på FN-dagen

■ På FN-dagen i 2008 er det ein sterkare grunn enn elles til å reflektere over desse edle og ærlege målsetjingane hjå ein organisasjon der fredsfana skal haldast høgt, og der krig som konfliktløsning ikkje skal akseptierast.

At FN har spela og fortsatt har ei viktig og avgjerande rolle på mange område rundt om i verda, er heva over tvil. Difor gjeld det å ha tiltru til og støtte opp om denne bærebjelken for fredeleg, rettferdig, likeverdig og bærekraftig sameksistens med kvarandre og med naturgrunnlaget på denne vår felles og sårbare klode.

Samtidig må vi også vedkjenne oss at dei gode verkemidla for å

nå måla ofte blir satt til side fordi meiningane og interessene innerter i organisasjonen ikkje alltid er samstemte mellom medlemslanda. At store og mektige statar, og i serleg grad USA, alt for ofte meiner å ha monopol på sanninga og den rette oppskrifta på konfliktløsning, fredsresultat og stabilitet, og som da ofte heilt eller delvis er på kollisjonskurs med FN sin ideologi og grunnleggjande haldning, svekkar organisasjonen si styrke som internasjonal brubyggar og nøytral fredsskapar og forsonar.

Nokre små velstandsland, og mellom dei Norge, deler alt for ofte ukritisk standpunkt med USA

og ein del av dei andre rike landa. Med desse eigennyttige strategiane og formåla utsett «superland» og deira «allierte» seg for raskt aukande trugsmål og terrorfare frå stadig større og fleire grupper av ytre og ukjente fiendar.

Skal FN kunne bli eit nøytralt og truverdig talerøyr til alle, ein globalt fredsskapande aktør, og ein likeverdets forkjempar, må store og små medlemsstatar ha dei same rettar og moglegheiter til å få gjennomslag for sine meiningar og syn i FN si uttala rette ånd og sterke røyst.

Jon Ingebretsen, rådsmedlem FN-sambandet Sør

NATIONEN.NO

Vil en utvidelse av lisensjakta på bjørn føre til flere fellinger, har vi spurt på nationen.no.

Her er lesernes svar:

Ja: **73,1%**

Nei: **16,3%**

Vet ikke: **10,6%**

Totalt antall stemmer: 592

Hver dag finner du avstemninger og meningsmålinger om aktuelle temaer på nationen.no. Klikk deg inn og stem!